

BOKN BYGDABLAD

NR. 7 – SEPTEMBER 1998 – ÅRG. 13



Skulebursdag – s. 4



Kva skjer? – s. 11



Sjeldan gjest – s. 27



BOKN KOMMUNE

KJÆRE LESARAR!

NYE ABONNENTAR

Det kjem stadig nye-abonnentar til bladet, og kjekt er det. Heile åtte stk. har meldt si interesse etter juli-nummeret. Dei fleste kunne godt tenkja seg dette fyldige nummeret, men det er dessverre ikkje fleire att. Hadde det ikkje vore for flyttesjau hos trykkeriet, der restopplaget frå juli-utgåva havna i ein papircontainer før den store etterspørselen, ville det vore 30 stk. att på kulturkontoret. Abonnentar som kjem til no på hausten vil ikkje få rekning før rekninga på bladet for 1999 kjem i januar. Då vil summen ut året bli lagt til den nye rekninga. Det er forskotsbetaling i Bygdabladet. Dersom dette blir problem for dei nye abonnentane, ver vennleg å ta kontakt med underteikna.

STOFF TIL BLADET VIA E-POST

Etter at kommunen blei knytta saman i nettverk i august fekk fleire kontor også tilgang på internett. Dette betyr at folk som ynskjer å tipsa om stoff og som har tilgang til nettet kan senda dette som elektronisk post. Adressen er

jhavikbotn@bokn.kommune.no

Denne adressen vil stå fast på nest siste side i kvart blad. Det same vil direkte tlf.nr. gjera: 52 75 25 08. Frist for stoff er framleis den 18. i kvar månad for lesarar som ikkje jobbar i kommunen.

Elles blei arbeidet med den nye telefonsentralen i kommunen kraftig forsinka frå Telenor si side. Dette er i orden når dette kjem på trykk.

KULTURKALENDEREN FRAM TIL JUL

Denne er sendt alle husstandane i kommunen, og er laga på kommunen sin nye og flotte fargekopieringsmaskin. Dei siste to gongene har kalenderen ligge inni Bygdabladet, men er no tatt ut att. Dette er hovudsakleg gjort p.g. at avisene ikkje lenger registrerte arrangementa i kommunen i løpet av eit halvår, noko som førte til at hendingane ikkje fekk den omtalen dei burde hatt. Det viser seg at ein enkel kalender i fargar blir mykje betre tatt vare på, og eg har allerede registrert at arrangement i Bokn meir blir tatt med i plakataner/kalenderane i dei største avisene i fylket.

Minuset er at kalenderen i sin heilhet ikkje når fram til alle lesarane av Bygdabladet, men som de ser så blir kalenderdelen oppdatert kvar mnd. på siste side i bladet. Interesserte lesarar utafor kommunen som ynskjer kalenderen tilsendt tar kontakt med kulturkontoret.

BYGDAKULTUR

Det er hyggeleg når positive ting skjer i bygda, når fleire går saman om noko som etterkvart har blitt eit savn, når lengselen og lysta blir så stor at folk gjer noko med det.

Det ser ut som det er ei nostalgisk bølge på gang når det gjeld vaksenkorps i bygda, og musikkorpset er no delt i eit junior- og eit seniorkorps. Lillian Grønnestad dirigerer dei yngste medan juniorkorpset har sin nye engelske dirigent, Simon Kerwin. Kerwin er musikkutdanna i England og lever av å dirigera korps i Norge, kor han m.a. dirigerer Stangaland Brass.

Ei god liste over aktuelle namn blei sendt ut i byrjinga av august, og på første øving var det 14 stk. og fleire er venta. Seniorkorpset øver for tida annakvar tysdag kl. 20.00 – 22.00 i gymsalen. Dersom du ikkje fekk brev om oppstart av korpset, men er interessert i å byrja, kontakt Ingebjørg Larsen, tlf. 52 74 84 82 på kveldstid eller Jardar på kulturkontoret, tlf. 52 75 25 08 på dagtid.

Revygruppa er klar til å skriva den sannsynlegvis siste bygdarevyen på nittitalet. Me hadde *Landfast* i 1991 og *Sålsen blei det* i 1994, og går alt etter planen er Bokn musikkorps m/venner premiereklar med ny revy på nyåret 1999.

No når korpset er på veg opp av grøfta er det også hyggeleg at det også var 14 stk. på den første øvinga til barnekoret som *Songkvartetten* driv i kyrkja. Dette koret har tidlegare vore annonsert i Bygdabladet. La oss håpa at dette blir eit livskraftig kor som bygda får mykje glede av i framtida.

- redaktøren -

*Lykkelig den som i såtid sår
uten å ense hva fold han får
når høsten kommer.*


Herman Wildenvey

Sjeldan har det vore så mykje rognebær og lyng i Bokn som denne hausten. Svære klasar med bær heng tungt på dei fleste rognetre, og då blir det lite snø til vinteren, for trea skal ikkje bera tungt to gonger. Men nokon kan også seia at då blir det mykje snø, vent og sjå.


Det er synd bildene ikkje blir gjengitt i fargar i Bygdabladet. Ta deg heller ein tur ut i naturen. Det er balsam for kropp og sjel å vandra i store fargerike område med røsslyng som er blanda med litt purpur- og klokkelyng.

Foto: JH





SKULEBURSDAGEN 20. AUGUST



TEKST OG FOTO: JARÐAR HAVIKBØTN


20. august i år var det 25 år sidan skulen i Føresvik opna, og elevar og lærarar inviterte seg sjølve til bursdagsselskap. I førevegen hadde alle elevar og lærarar laga seg kroner, enkelte klassar i barneskulen førebudd skulegudstenesta medan 10. klasse hadde pynta gymsalen.

Kyrkjepreludiet denne morgonen stod 1. – 4. klasse for då dei song *Fader, du har skapt meg i kanon.*



Prest Arne Aurdal hadde på seg prestekjole som dei hadde for 25 år sidan, og fann det naturleg at første salme denne jubileumsdagen blei *Jubileumssalmen*


frå kyrkjejubiléet i fjor. Han leste *Bøn*, laga av ein 1. klassing, og to frå 6. klasse las teksten.



Fv. Merethe Ø. Almås og Therese Våge leste teksten.

Preika blei illustrert med teikningar, også frå 6. klasse. Seinare var det klart for *Bøn*, skrive av årets konfirmandkull. Ein flott gudsteneste sterkt prega av skuleelevar.

Klokka 10.00 var det klart for selskap i gymsalen, som var pynta til festleg lag. På eit stort bord stod ei




svær fødselsdagskake med sjokoladekaker i alle variantar rundt omkring.

Midt i salen var det laga god plass til å utfolda seg, så alt låg til rette for eit vellukka selskap. Spesielt inviterte gjester og sjølvsagte gjester var også på plass.

Ingjerd Thuestad var konferansiér, og opna det heile medan å snakka om den store trenøkkelen som Oscar Dirdal laga for 25 år sidan, og som alltid har hatt


plassen sin på veggen ved sida av skulekontoret. Etter nokre ord av Dag Halvorsen var det klart for nyskriven jubileumssong, laga av Eva Moi til "Blåveispiken".

Leif Vatnaland, som var ordførar då skulen var ny, drog fram muntre historiar frå den tida han sjølv gjekk på skule i Bokn, då det berre var ein lærar i kommunen. Han mintest m.a. at middagstida var det kjekkaste dei visste, for då gjekk læraren heim og kvilte middag lenge og vel før han kom tilbake. Då boltra elevane seg skikkeleg, og mykje blei funne på, m.a. i kjemisalen.



Helsningar frå den gamle og den nye ordføraren.

Etter ein rungande versjon av "Hurra for deg som fyller ditt år" fortalde noverande ordførar om korleis ho opplevde skulen som lærar, den gong det



var skikkeleg ope landskap i bygget. Ho oppfordra også elevane om å finna ut kor mange dagar gamal skulen var. Dette skulle vera ein av bordkonkurransane.

Leiar av foreldreutvalet og songforfattar, Eva Moi, skjer opp kake til mange rumlande magar.

Gymsalen blei etterkvart fylt av rumlande magar, og medan alt blei gjort klart til servering fekk elevane eitt av to friminutt, som også var lagt inn i det flotte bursdagsprogrammet.

Ei god matøkt med tid til konkurransar og drøs stod for tur, og alle koste seg med kaker, brus og kaffi. Ikkje kvardagskost for ein skuleelev. Det var forresten fleire elevar som hadde rekna ut (utan kalkulator) kor mange dagar skulen var; 9.131 dagar.



Venevil Birkelund, som heller ikkje denne gong skuffa bak pianoet, spelte opp til "Bamsens fødselsdag" av Thorbjørn Egner, ein song som også hørde godt heime denne dagen. Songen var opptakten til det som mange hadde høyrd rykter om, nemleg at det skulle leikast på golvet, for




Stolleiken m/grupper på tre: ein tredjeklassing på fanget til ein 7. klassing på fanget til ein 10. klassing.

både lærarar og elevar. Og den eine etter den andre læraren troppa opp med leikar. Her var alt frå gode, gamle stolleiken til

kreativt rollespel frå lærarar. Stemninga i gymsalen steig kraftig den halve timen dette




Stor stemning med lærarar på golvet: Fv. Brit Opsal (liggjande), Stein Magnar Gjerde, Wenche L. Havikbotn, Astrid Sollid med Mona Faye foran og Pål Askvik bak, i h. billedkant kjem Åse Bratthammer krypande som hund. I bakgrunnen les initiativtakar Solveig Våga Loten det dramatiske rollespelet.



4. klassingar i aksjon: Andrej Dobrev (tv) og Kjetil Vatnaland har tulla inn Arne Hosaas i toalettpapir.

varte, og temperaturen bar preg av at mange hadde fått utfolda seg. Mellom leikane blei også "Happy Birthday" sunge som allsong. Avstanden

To av veteranane: Fridun Ognøy (tv) har vore på skulekontoret i 25 år medan Ingjerd Thuestad har jobba i skulen i 27 år.



til songen "Den fyrste song" er stor, og sistnemnte var eit godt døme på kva for singlar som blei mykje sunge i skulen før i tida.


Småskulen fekk ei overrasking på slutten. Alle ballongar blei nemleg tatt ned og lagde på scenen.



Og ungane lot seg ikkje be to gonger når dei fekk lov til å smella alle ballongane i ein flott bursdagssalutt for skulen vår. Då var det fleire lange blikk frå 5. klasse som nettopp hadde tatt steget opp i storskulen.

Etter at jubileumssongen blei framført til slutt sa fleire elevar at det var det kjekkaste bursdagsselskapet dei hadde vore i.

Ja, det var skikkeleg fult i feiringa av skulen denne dagen, og enno er det ikkje slutt med jubiléet til Bokn skule. I eksisterande kulturkalender er det varsla om jubileumsveker vekene 44 og 45. Kyrkje- og utdanningsminister Jon Lilletun er invitert til jubileumsfest om kvelden 31. oktober. Det blir også tidlegare elevar og lærarar. Så får me venta og sjå kva anna feiring det blir i skulen sitt jubileumsår.



BOKN SKULE 25 ÅR!

(Mel.: Blåveispiken – tekst: Eva Moi)

1. Her vest mot havet med fjell og heier
ligg øyer tri som vi trivest med.
Her har vi skule som vi skal feire
for den har bursdag, du veit vel det?

2. Og folket her dei har båt og brygge,
her er butikk, her er plast og fjøs.
I heimane er der folk og hygge
og opp i skulen er mykje kos.

3. Før var det skuler i Kyrkjebygda,
på Austre Bokn og på Hognaland.
Men tida gjekk og ein ny vart bygde,
den står og skodar så vidt om land.

4. Her vart den skipa i tri og sytti
med tak og vegger i tidas stil.
Og skulen har me, me vil`kje bytte
med folk i byen ell` nordantil.

5. Eit sneis med lærarar går i romma,
dei har prosjekt og reform og plan.
Snart sikkert nye prosjekt vil koma,
men skulen vår den skal halde stand.

6. Og alle borna dei her skal leva,
her har dei glede og mykje skøy.
I timane dei med boka strevar
og får ein start i eit liv på øy.

7. Vi ynskjer lukke for Bokn-skulen,
vi ynskjer framgang i dagens strid.
Så born og ungdom er framtid sikra
med visdom, kunnskap og ferietid.

I DEI GODE GAMLE DAGAR....

Bygdabladet har fått eit koseleg brev frå ein utvandra boknar. Vedkommande har rydda i samlinga si, og kome over seks songvers som passar til Bokn, frå den tida som har forsvunne, og som vedkommande hugsar frå barndomen sin i Bokn – då alt var stille og roleg.

Her kjem versa, og er det nokon som vil syngja i festleg lag er melodien *DET BLIR ATTER SOL OG SOMMER*:

I DE GODE GAMLE DAGER

1. Vi en liten sang vil synge
om en god og gammel tid.
Da folk fikk tid å synge
i stolen av og til.
Da alt var anderledes
Enn tiden er i dag.
Vi husker det fremdeles
i slikt et festlig lag.

2. I de gode gamle dager
da husene var små.
Fikk ingen hjerteskaade
av trappene å gå.
Da ingen radio bråket
og ingen motordur.
Nei, fri for alt det ståket
vi fikk en middagslur.

3. I de gode gamle dager
var det ingen stygg trafikk.
Hvor andre kom til skade
man var trygg hvor hen man gikk.
Ja, da kunne skipet seile
alt etter vær og vind.
Man kursen kunne peile
uten radar og slikt skrin.


4. I de gode gamle dager
da alle hadde tid.
Man kunne seg belage
en prat med hvem man vil.
Da ingen hadde hastverk
tok tid til hjelp og råd.
Ei heller var det lastverk
no'n gang i kongens råd.

5. I de gode gamle dager
musikk det var musikk.
Da kunst var kunst med viten
og maleri med skikk.
Ja, ting fra gamle dager
det er vidunderlig.
Selv når det folk behager
bevarer sin verdi.

6. Ja, den gode gamle tiden
den er nå lengst forbi.
Vi den minnes under tiden
hva den hadde oss å gi.
Det er nå blott gode minner
og vi bevarer dem.
I hjertet innerst inne
i blant vi tar dem frem.



NYTT FRÅ FORMANNSKAPET/KOMMUNESTYRET



FRÅ KOMMUNESTYREMØTET 16.07.98

• K.23 TALET PÅ STILLINGAR VED BOKN SKULE FRÅ 01.08.98

Følgjande gjeld frå 01.08.98:

1. Seksjon skule har til saman 18,2 heile stillingar til leing og undervisning.
2. Seksjon skule har 2,3 heile stillingar for undervisningsassistentar (skulefritidsordninga ikkje medrekna).
3. Rammetimetalet til vanleg undervisning og spesialundervisning, konvertering medrekna, er på 14.788 årstimar.
4. Ekstra tiltak for gjesteelevar er ikkje medrekna i denne saka. Rådmannen har fullmakt til å setje i gong tiltak for gjesteelevar innanfor ramma av tilskott frå heimkommunen.

Kommunestyret sitt vedtak:

Driftsstyret si tilråding vert samrøystes vedteke.

• K.26 OPPRETNING AV STILLINGAR – NATTEVAKT

Kommunestyret godkjenner oppretting av inntil 3 stillingar som avdelingssjukepleiar, med total stillingsandelen på 156,33%. Stillingane vert oppretta frå 15.08.98.

Kommunestyret sitt vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet si tilråding vert vedteke med følgjande endring:

”Kostnadsramme for oppretting av nye nattevaktstillingar settes til kr. 205.000.-.

Administrasjonen får fullmakt til å fordela den totale stillingsandelen på 156,33% på det antal stillingar som passar best.”

(Vedtaket tilseier at det alltid blir to nattevakter ved sjukestova).

• K.32 KOMMUNEBLOM

1. Bokn kommune vedtar at kusymre (kusom) skal vera kommunen sin offisielle blom.

2. Kommuneblomen skal nyttast i særskilde markedsføringstiltak frå kommunen og i næringslivet, og som botanisk symbol. Han kan også nyttast i brukskunst, i souvernir-samanheng, på T-skjorter, brevark, m.m.

Kommunestyret si handsaming og vedtak:

Det vart fyrst røysta over forslaget om å setta ut saka.

Framlegget fekk 1 røyst.

Saka vart deretter samrøystes vedteke.

Framlegget frå Sigurd Johnny Svendsen vert vedlagt protokollen.

(Svendsen meinte i framlegget sitt at val av kusymre ikkje var i tråd med kriteriane for val av kommuneblom, og saka burde utsetjast. Dette fekk ikkje støtte).

• K.36 ALTERNATIVE VEGTRASEER TIL BOKNATUN

Den kontroversielle vegen langs vestsida på fotballbanen blei drøfta.

Kommunestyret si handsaming og vedtak:


Forslag frå Birger Lindanger:

”Bokn kommunestyre vedtek å regulere ny veg til Boknatun i samsvar med alt. 2.”


Framlegget frå Birger Lindanger falt med 9 mot 8 røyster.

(Alt. 2 var forslag om vegtrasé vest for bebyggelsen mot Boknafjellet for så å gå ned igjen mot Boknatun).





NYTT FRÅ DRIFTSSTYRET



SAKER FRÅ MØTE 27. AUGUST

IUA – REVIDERT BUDSJETT 1998 – BUDSJETT 1999

Forkortinga IUA står for Nord-Rogaland/Sunnhordland Interkommunale utvalg mot akutt forurensning.

Medlemskommunane er Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Sauda, Stord, Suldal, Sveio, Tysnes, Tysvær, Utsira, Vindafjord og Ølen.

Driftsstyret i Bokn hadde ikkje merknader til IUA sitt reviderte budsjett for 1998 eller til nytt budsjett for 1999.

Grunnkontingenten for alle kommunane er auka frå kr. 5.000,- til kr. 10.000,-. Elles blir kostnadene delte etter innbyggjartal i kommunane.

Total kostnad for Bokn i 1999 vil bli kr. 14.472,-.

VAL AV KOMMUNENS REPRESENTANT I INTERKOMMUNALT DRIFTSUTVAL – PARK/IDRETT/FRILUFT

Driftsutvalet vedtok framlegget frå seksjonssjef kultur om at Hans Erik Lundberg blir Bokn kommune sin representant i Interkommunalt driftsutval park/idrett/friluft.

Marit Markhus var tidlegare Bokn kommune sin representant i utvalet.

SEKTORPLAN FOR KULTUR – HØYRING

Bokn driftsstyre vedtok å støtta det føreliggjande forslaget til sektorplan for kultur for Rogaland.

Seksjonssjef for kultur i Bokn, Jardar Havikbotn, seier i saksframstillinga at planen er kort og handlingsretta. Vidare går det fram at kulturpolitikken til fylkeskommunen skal ha eit regionalpolitisk utgangspunkt – som betyr at

fylkeskommunen berre yter støtte til kulturinstitusjonar som har ei regional rolle.

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FOR 1999 FRÅ ARQUEBUS KRIGSHISTORISK MUSEUM

Driftsstyret støtta rådmannen sitt framlegg om å yta kr. 5.000,- til Arquebus i 1999. Beløpet er ei eingongsstøtte.

Bakgrunnen for at det krigshistoriske museet i Førdesfjorden ber om støtte, er at dei har for lite inntekter til å kunna driva slik dei ynskjer. Dei har fast tilskot frå vertskommunen Tysvær, og frå fylkeskommunen. Andre kommunar i regionen har også vore inne med støtte.

I 1999 skal museet markera kystartilleriets 100-års jubileum, dei skal få ny avdeling om kampane frå 1940, og opna eige kinolokale.


Saka skal vidare til formannskapet.

EIN ANNLEIS HAUST


*Om eit kvarter
kjem hausten
på lett dansande
bjølleføter*

*Høyr berre
kør lauvet fell:
"tingeling tingeling"
som små kinesiske blommar*

Marit Tusvik



HELSESEKSJONEN INFORMERER



DAGSENTERET

Høsten er her ganske snart, og da er det tid for inneaktiviteter.

Vi i dagsenteret har det veldig fint sammen, men ønsker at flere blir med oss. Velkommen til hyggelig samvær med god mat og god prat, og litt forskjellige aktiviteter.

Vi møtes hver onsdag kl. 11.00 – 15.00.

For nærmere opplysninger og påmelding:

Ring Eva, tlf. 52 75 25 43
eller 52 74 83 39 (privat).



Dagsenteret på hyttetur.

Foto: Gudny Sæbø

NY GLADMELDING :

HELSESEKSJONEN har fått eit **pulsoxymeter** i gåve frå Bokn sanitetsforening / Tysvær og Bokn hjertelag.

Dette er eit apparat som måler oksygeninnholdet i blod på eit lite øyeblikk, og det er til god hjelp både til diagnostisering og overvåking av pasientens tilstand. Det vil vere stasjonert i ambulansen, men det kan i tillegg nyttast ved legekantoret og sjukestova.

På vegne av befolkninga i Bokn sender vi ein varm takk til begge foreningane.

LEDIGE STILLINGAR I HELSESEKSJONEN

2 AVDELINGSSJUKEPLEIARAR , 52,11 % stilling, nyoppretta, tiltreding snarast
Stillingsandelen kan evt. aukast opp til 75 % stilling.

AVDELINGSSJUKEPLEIAR, 60 % stilling, vikariat frå 05.12.98 – 01.08.99

HJELPEPLEIAR/OMSORGSARBEIDAR, 50 % still., vikariat frå 01.10.98 – 07.04.99

AMBULANSESJÅFØR, 23,20 % stilling, vikariat frå 01.10.98 – 01.10.99, evt. fast tilsetjing etter eit år.

Vi søker ein sjåfør med relevant utdanning for ambulanseneste.

Arbeidstida er vaktteneste for ambulansen kvar 3.veke ettermiddag og kveld, døgnvakt helg.

Samarbeid med vakthavande sjukepleiar ved utrykningar.

Pleie og omsorgstenesta er organisert slik at Bokn sjukestove er base for omsorg og pleie både i institusjonen og i heimane. Alle helse- og sosialtenestene er samla i kommunesenteret Boknatun, med soialkontor, sjukeheim, legevaktsentral, helsesenter med lege, helsesøster, fysioterapeut og tannlege.

Stillingane inneber varierte arbeidsoppgåver innan ein modell med samordna tenester: Heimebasert omsorg, institusjon og legevaktsentral. Arbeidet er i tredelt turnus, med vakt kvar 3.helg.Ein må kunna disponera bil i arbeidet.

Stillingane som avdelingssjukepleiar er løna i st.kode 7021,1.tr.29,for tida kr.230.900,- pr.år.

Stillingane som hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og ambulansesjåfør er løna etter Hovedtariffavtalen etter type utdanning og ansennitet.Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Arbeidsgjevar kan hjelpa til med å skaffa bustad.

Opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til leiar for helseseksjonen, Gunn Grønnestad, tlf.52752534 eller nestleiar Miriam Berland,tlf.52752530.

Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet for Helse, 4290 Bokn innan 20.09.98.

Rådmannen

GAMLE GJESTEBODSSKIKKAR

Å "berast"

Når nokon døydde, heitte det om gravferda at han eller ho skulle "berast" den eller den dagen. I uttrykket "berast" låg meir enn at den avlidne skulle gravleggjast. Helst var det eit uttrykk for at slekt, vener og grenda elles samla seg om å ta avskil den som var gått bort og i samlag vera med på å bera vedkommande til grava. Uttrykket hang nok også saman med at vegløyysa førde til at lika måtte berast til kyrkjegarden.

Eg minnest at eg som smågut var med far i eit "selaba" på Are. Det var Marta Ingebrekts-dotter, kona til Jøren Are som var død. Seks nokolunde jamnhøge fekk då bera likkista. Ho blei surra fast til to granne færingsspri og dei bar kista mellom seg på akslene. Med passande mellomrom skifta seks nye mann med dei som bar. Det blei skifta mange gonger dei om lag sju kilometrane frå Are til kyrkjegarden.

To liksyngjarar, Johannes Kro og Osmund Eriksson Våga, gjekk eit stykke framom og song ved kvar gard som likfylgjet drog framom. På same måten gjekk det føre seg då dei "bar" han Matias Kleivå og ho Mette Monsdotter Dagsland. Som smågut (kring 1900) var eg med far min i begge desse jordferdene.

"Bearlag" og førning

Ingen gjekk til bryllaup eller "selaba" utan å vera bedne. Til byllaupsfolk ba ein i fyrste rekkje den næraste slekta og sidan – så langt ein hadde plass – naboar, vener og kjenningar. Til "selaba" ba ein òg slekt og nære vener. Dessutan folket som hørde heime på dei gardane som blei rekna til eit bearlag eller beargrend. Skikken med å be til "selaba" heldt seg i Bokn heilt fram til mellomkrigstida.

Når folk blei bedne til slike samkomer, hadde dei "førning" med seg – alt etter kva gard dei kom frå og kor god råd dei hadde. Det kunne vera gome, lefser, vaffelkaker, finare brød, mjølk, fløyte, smør osb. Folk visste godt om kvarandre slik at ein fekk med seg det som trengdest til så mykje folk.

Brygging

I eldre tid og fram til midten av førre hundreåret laut vertsfolket syta for drikkevarer – øl og brennevin – ved sida av maten. Sidan ølbrygging til ei gravferd blei for tidkrevjande, blei det å reisa og kjøpa om ein hadde råd til det. Dess høgare rang ein avliden hadde, til betre gravøl laut ein laga med øl, mat og brennevin.

Der dei avla korn nok, var det fast skikk å bryggja til jul. Også husmannsbruk som ikkje avla nok matkorn til eige bruk, sysla med julebrygging. Husmannen på bygsleplassen "Ståren" under Laupland måtte midt på 1800-talet kjøpa ein god del matkorn til ein heller stor familie, men brygga til jul gjorde han.

På meir sjølvberga bruk brygga dei også til slåtten. Og med litt måtehald med øldrikkinga hadde dei då øl heile året, også til likferder. Men til bryllaupa måtte ein til med ekstrabrygging.

Då "Torlaen" mana fram syndaren

Ved vårsildfisket for litt over hundre år sidan var ordførar Jakob Torland styrar på ein av fiskebåtane frå Bokn. Med seg ombord hadde han ein gut frå Trosnavåg som var med fyrste vinteren sin. Det var fleire båtlag på same lossifartøyet ein båt der dei losjerte når dei ikkje var på fiskefelta. Ein av dei som var med på eitt av dei andre laga, var sonen til Larsa-Ola Våga: han Konrad som var jamnaldring med guten frå Trosnavåg og også på vårsildfiske for fyrste gong.

Konrad var ein tåleg og smålåten gut, den reine motsetnaden til guten frå Trosnavåg. Den siste var full av fantestykke, streker og påfunn. Og han fekk eit godt tak på Konrad som bare tok mot og ikkje ga igjen. Sjølv om mange av fantestykka blei gjort i løynd, var alle ombord klar over kven som var meister for dei.


Silda let venta på seg, og det vart mykje landlega med god tid til å pønska ut mange slags påfunn for den som var ute på slikt. Konrad var stadig meir utsett for streker, og ein dag fann han fiskekista si kvelva opp ned. I kista hadde han alle kleda sine som han ikkje gjekk i og matstellet sitt, mellom anna ei krukke med sirup som mykje blei bruka attåt grauten om kvelden.

Det såg syrgjeleg ut i kista etterpå, og Konrad kom reint på gråten. Alle var einige om at dette var skammeleg gjort og Torlaen nemnde noko om at nå fekk ein sjå å få slutt på dette. Han hadde gjerningsmannen i båtlaget sitt og tenkte med seg at han fekk ta seg av denne guten som ikkje hadde lært å skikka seg mellom folk.

”Torlaen” drog fram fiskekista si midt på dørken og let om at nå skulle han få syndaren fram. Han fann fram eit fat som han fylte noko vatn i og sette det oppå kista. Så bretta han opp armene, fann fram ein stor tollekniv og sette seg skrevs over kista. Folk ombord skotta på trosnavåguten og undrast med seg sjølv kva Torlaen nå pønska på. Han sat med

tollekniven i neven over vassfatet som han stirde ned, og sa frå at det ennå var tid for syndarane å bekjenna, og då ville ikkje fylgjene bli så vonde.

Men viss han ikkje tilsto, så skulle han bli utsett for både det eine og det andre og det skulle bli synleg for alle. Men ennå kom det ikkje svar på trugsmåla. Torlaen fekk då nokre fæle rier, reine krampetrekningar med tollkniven over vassfatet så alle tykte det var reint vondt å sjå på. Då tok guten frå Trosnavåg til å verta redd. Han sat ikkje så langt frå Torlaen og tøygde seg seg så han rakk å trø han på foten til teikn på at han måtte halda opp. Det blei sagt at guten folka seg mykje etter dette.



Grumsete vatn i Gunnarstadvatnet: - Eg har aldri sett noko liknande i Bokn, fortel ein bekymra Inge Birkeland.

Foto: JH

KVA SKJER MED VATNA VÅRE?

Dette spørsmålet stiller Bokns største ferskvannsfiskeentusiast, Inge Birkeland, og mange fleire i kommunen denne hausten. Den erfarne fiskaren fortel om negative forandringar i heile fem vatn; Boknebergsvatnet, Ulvånå, Gunnarstadvatnet, Hagavatnet og Middagsvatnet. Inge har snakka med enkelte opprørte personar som har stadfesta dette.

- Ein ettermiddag eg kom for å fiska her i Gunnarstadvatnet, kunne eg ikkje sjå botn inn med land p.g.a. grums. Det brune vatnet gjekk nesten ut til midten av vatnet, og då er det liten vits i å fiska. Fisken gøymer seg, sannsynlegvis på den djupaste botn. Inge er bekymra for om dette vatnet, som alle veit er eit resultat av arbeidet med Europipe II-traséen, vil truga livet i vatna. Fiskeentusiasten kan også opplysa om at boreslam ligg langs kantane i Ulvånå, og sjølve vatnet har ein markert brunfarge. Hagavatnet, som av enkelte blir brukt til drikkevatt, og det fiskerike Middagsvatnet lengst vest mot Karmsundet, har heller ikkje sluppe unna.

Prosjektleder Lars O. Solbakken ved JV-Kaarstoe Pipeline Contractors fortel til Bygdabladet at då problema starta i Boknebergsvatnet, der traséen går ut i sjølve vatnet, blei det tilkalla eksperthjelp frå Bergen, med m.a. ein biolog i staben. Det blei tatt forskjellige prøvar, prøvefisking med garn og foretatt gjelleprøvar av fisk. Dei foreløpige tilbakemeldingane går ut på at liv ikkje har tatt skade, problema er av meir visuell karakter. Den endelege rapporten kjem i midten av september. Rapporten dreier seg berre om to av dei fem vatna, og me får ikkje svar på korleis det står til med dei vatna lengst vest.

Kva med langtidsverknadene? Kor mykje boreslam og jordgrums tåler fisken og plantene i vatna? Er dette berre såkalla blakking, som skjer i fjellvatn? Blir vatna som før? Får me ein miljøkatastrofe i Bokn Dei ansvarleggejer kva dei kan for å løysa problema. Inge Birkeland og mange andre ventar i spenning på resultatane.

Meir om dette i neste blad.

EUROPIPE II (info frå Odd R. Gresslien – foto pr. 1.9: JH)

Anleggsarbeidene er nå kommet så langt at rør fra Husøy vil fraktes til Sæbø med båt, for så å bli transportert ut i traseen. De vil dernest bli sveiset sammen på kanten av rørledningsgrøfta før de blir løftet ned i grøfta med spesielt kranutstyr. Uttransport og sveising antas å starte i første uke av september.

Under anleggsarbeidene ved Boknabergsvatn har det oppstått en situasjon hvor slam fra traseen har brunfarget Boknabergsvatn. Årsaken ligger i en kombinasjon av anleggsarbeidene, mye lagrede løsmasser i området, vanntilsig generelt i området, samt kraftig nedbør i begynnelsen av uke 34. De tiltak som var igangsatt for å hindre tilslamming og misfarging viste seg ikke å være tilstrekkelige. Det er derfor satt igang tilleggstiltak for å forebygge og forhindre at lignende ting skal skje i andre deler av traseen.


Sjaktboringen på Austre Bokn, under Europavei 39,

fikk gjennomslag mot sjøen i forrige uke, og det gjenstår noen justeringer før videre oppboring til større hull settes igang.

Mudringsarbeidene i Boknasundet er kommet godt igang, på Sæbø-siden, som forberedelse til rørtrekkingen over Boknasundet. Rørledningen vil sveises sammen på Sæbø, og trekkes over Boknasundet svevende ca. 1 meter over havbunnen, med en vinsj som står på Austre Bokn. Det er planlagt at dette vil finne sted i oktober.

Grunnarbeidene for ventilstasjonen på Trosnavåg har startet opp. Her skal det installeres en avstengingsventil med en totalvekt på ca. 80 tonn. Ventilen er produsert i Italia og vil fraktes landeveien.

Når det gjelder Åsgard Transport prosjektet, som også ledes fra anleggsområdet på Knarholmen, så startet anleggsarbeidet der 1.09.98, som planlagt.




DISTANSERITT PÅ OGNØY

Tekst: Åse Bratthammer – Foto: Vidar Waage

Sundag 30. august arrangerte Bork distanseritt på Ognøy for andre gong. Det vart ein svært vellykka dag kor til og med veret var på vår side.

Det deltok 37 ekvipasjar, og 32 av dei fullførte løpet. Hestane må inn til ein pulsstasjon ein eller to gonger, og då vert pulsen sjekka. Dersom den er for høg må dei venta i ekstra 5 minutt eller til pulsen er gått ned att. Difor er det viktig å kjenna hesten godt og ikkje pressa han for hardt, og ha trenar mykje på førehand.




Det vart eit spanande løp kor mellomtider syntte ulike vinnarar. Det var to klassar slik at nokon sprang 2,5 mil medan nokon berre sprang halvparten. Det var deltakarar frå heile Haugalandet i alder frå 12 år og oppover til 50.

Det var mange som hadde tatt turen til Ognøy som publikum og det var ekstra kjekt. Som tidlegare har me ein kjempegod gjeng i cateringen som selde mat og drikke, og laga trivsel for tilskodarar og deltakarar. Vi hadde og ein god gjeng med ungdommar frå klubben som hadde ansvar for barneridning slik at dei yngste vart sysselsett. Pressa møtte i år opp så det vart artikkel i Haugesunds avis og reportasje på TV Haugaland. Vi har no inngått eit samarbeid med fire andre arrangørar av distanseritt slik at det vert ein cup. Dette var det andre løpet i cupen og neste løp er på Klovning 6. september, då er det Faxi som er ansvarleg.

Vinnarane i den lengste løypa vart

1. Lars Øyvind Brekke med *Tolly* og tida 1:53:08
2. Tom Inge Lønning med *Corinson* og tida 1:57:11
3. Trond Johannesen med *Rex* og tida 1:59:10



Lars Øyvind Brekke er og leiar av cupen med Trond Johannesen på andre plass og Jennifer Nunn på tredje.

Vinnarane i den korte løpa vart:

1. Silje Handeland med *Beauty* og tida 53:54
2. Loyd Stol med *Tornado* og tida 54:34
3. Monica Lindanger med *Prinsen* og tida 58:35




SOMMARMINNE FRÅ 3. KLASSINGAR

(Trykket på teikningane varierer i kvalitet p.g.a. ulike originaltrykk. Teksten er gjengitt ordrett).


Joachim Are:

ISoMMAR SÅ HAR EG OG FAR VORE PÅ
BATTUR Å FISKA. DÅ FEKK EG EIN
STORE FISK. ME SOV DER EI NÅTT.
HILSEN JOACHIM




Lars-Andre Hognaland:

EG HAR VÆRT I KRISTIANSAN ÅG I
KÅNGEPARKEN.
HILSEN LARS-ANDRE



Henrik Nilssen:

Eg var påbåttur åg drog Teinar
Hilsen HENRIK




Ivar Jordbrekk Ognøy:

I SOAR HAR EG VORE PÅ TUR I
MANDL. DR BADA ME I SJØEN.
ME VA I DYREPARKEN. I TEINAR
SÅ FÅR ME HUVVIN.
FÅR IVAR




**Runa Grønnestad
Schmeichler:**

*Eg HAR BADA I SOMAREN 8
gONER. Eg HAR VART i
DANMARK DER VAR FINT VER i
DANMARK
HILSIN RUNA*




Elisa Skeie:

*jeg har badet og jeg har vert i bø
hlsen Elisa*




Audhild Sæbø:

*EG HAR RiT i SOMMAR HESTEN HETE
BJULIN. EG HAR BADA i SOMMAR. Å
EG HAR VORE i HAUGESUND. EG HAR
VORE SÅ RUNA i SOMMAR.
HILSEN AUDHILD*




Kent Viggo Thuestad:

*ISOMMA R HAR EG JOBBA HOS
VASSBAKK OG STOL EG KJØRTE
DOMPEROG BIL
FRA KENT VIGGO*




Natalie Grønnestad Våge:

*EG HAR VORE I ETNE OG TOGE
MASSEKAROSELER OG EIN KAROSEL
SONENK 10001NAT
HILSEN NATALIE*



Tommy Øvrebø:

*I SOMER HAR EG VORE I DANMARK
OG TYSKLAN OG SVERGE. OG
LEGOLAN OG LØVEPARKEN
HILSEN TOMMY*



DO-VERS

1. Det lureste stedet når to
vil prate litt sammen i ro
er duddeli og duddeli do.

2. Nå setter jeg dørkroken på
og da må de andre forstå
at Bamse og jeg er her nå.

3. Og her vil vi være i fredag
for nå skal vi prate om det
som kroppen min driver på med:

4. Når jeg har spist svær kotelett
med saus på, og bein i, og fett,
da blir jeg innmari mett.

5. Men bamsen min syns det er rart
at når jeg er mett, er jeg snart
like sulten igjen. – Det er klart

6. at sånne ting er ganske sprøtt.
Men kroppen min er bare nødt
til å ha mat i magen sin støtt.

7. For menneskene lever av det
at mat går fra munnen og ned
i magen og ut – en, to, tre!


8. Og Bamse misunner nok meg
som bare kan tygge i vei
og aldri i verden blir lei

9. av saus og poteter og svær
kotelett, og litt deilig dessert.
Og da er det fint at det er

10. sånne små rom som duddeli do
det lureste stedet når to
vil snakke litt sammen i ro.



Sidsel Mørck



1.9:

Postfilialen er på plass i Bokn Handelslag. Personalet har vore på kurs, og betjeninga vil gå på rundgang blant dei ansette. I ein overgangsfase var Oscar Larsen til stades den første veka. Oscar blir no landpostbod. Skranken vil stå på utsida av sjølv rommet der posten som kjem med landpostbodet frå Aksdal blir sortert, og lagt i postboksane. Styrar Annbjørn Sunde sorterte posten den første dagen.

3.9, Europipe II:

På Boknaberg er alt klart for legging av røyra. Det er snakk om store dimensjonar, og så store røyr har aldri før vore lagde her i landet. På det meste er røyra 44 mm tjukke og veier eitt tonn pr. meter. Då desse bildene blei tekne om morgonen, heldt dei på med å sveisa røyrlengdene saman, før heile lengda på ca. 100 m blir lagd ned i grøfta.

I venstre billedkant på øverste bildet ser du huset til Hege og Per Helge Sunde.

SYSKENBORTREFFET PÅ ARE I MAI – NYTT BILDE MED NAMN



1. fv. Klara Grønnestad, Torolv Are, Tordis Våga
2. fv. Kåre Vatnaland, Margit Alvestad, Bertha Våge, Olaug Hognaland, Liv Vatnaland, Magnhild Vatnaland, Magnhild Are, Bjørg Alvestad, Eldbjørg Are Hatteland.
3. fv. Leif Vatnaland, Berit Obrestad, Helga Torland, Sigrid Nygård, Bjørg Bokneberg, Oddveig Langås, Kleng Våga, Sigvart Våga.
4. fv. Jakob Vågshaug, Malvin Grønnestad, Astrid Bø, Margot Vatnaland, Sigmund Grønnestad, Tor Bjørn Are, Gerd Alvestad, Ingvard Våga, Peder Grønnestad.
5. fv. Odd Grønnestad, Tor Osmund Våga, Magne Are, Mathias Are, Annbjørn Bokneberg, Magnus Vågshaug, Johannes Vågshaug


*Det er som vår verden hvelver
sig inn mot en sol av rødere ild.
I høstluft om skogen skjelver
et flammerødt fargespill.
Det er under disse flammer
den klare kulden blir til.*

Gunnar Reiss-Andersen

*Nå er høsten her
og høsten er en liten gul mann
som kommer ut av skogen
med kofferten sin og plukker lauvet ned av
trærne og tar med seg blomsterstilkene og mange
av fuglene, og så maler han himmelen
grå og mørk, og lager triste søledammer i veiene.*

Arild Nyquist

VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 – 13.30

ONSDAG : 16.00 – 19.00

TORSdag : 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

HAUSTEN ER TIDA FOR HOBBY,
BIBLIOTEKET HAR EIT STORT UTVAL
AV HOBBYBØKER.

BOKTIPS:

Blomqvist, Gun:
Nupereller.

Kaagard, Kristin Ve:
Fra gråstein til smykker.


Owen, Cheryl:
Nye ideer med trolldig.

Skarpmo, Jeanette:
Hekling.

Thuve, Lillill:
Hardangersøm med variasjoner.


Tragethon, Inger:
Lag kniver selv.

Quinn, Sue:
Bamser du kan lage selv.



VIDEO

PÅ BIBLIOTEKET KAN DU
LÅNA BARNE-OG
FAMILIEFILMAR GRATIS !



**VELKOMMEN TIL Å
BRUKA INTERNETT
PÅ BIBLIOTEKET**

**HER KAN DU INFORMASJON
FRÅ HEILE VERDA**

BRUK BIBLIOTEKET DITT

Kloster-steinens avsløring igaar.

En stor høitidelighet trods uveiret.

Igaar blev bautasteien over Asbjørn Kloster avslørt paa Bokn. Selv om veiret var aldeles forfærdelig var der mange mennesker tilstede. Der var møtt repræsentanter for D.N.T hovedstyre, fra Norges storlosje av I.O.G.T., og fra mange lag og losjer i distriktet. Festlighetene begynte med gudstjeneste i Bokn kirke. Der var mange mennesker fremmøtt.

Gudstjenesten aapnedes med en vakker tale og bøn av bakermester Lars Larsen. Pastor Mørstad holdt saa en varm præken over dagens evangelium, og tilslut var der en kort tale av lærer Sørvaag.

Der var fest over gudstjenesten og alle 3 talere gjorde hver sit til at det blev en mindedag for dem som var tilstede.

Efter gudstjenesten skulde man gaat utfor kirken hvor bautasteinen er reist, men veiret var nu saa voldsomt at det vaar næsten umulig at kunne fote sig ute og stortingsmand Markhus maate derfor holde avsløringstalen inde i kirken. Saa sang man først en sang som var skrevet av Idar Handagard, hvorefter Markhus holdt avsløringstalen.

Her paa dette sted hvor vi i dag staar var Asbjørn Kloster født. Stedet ligger mot morgensolen og Klosters gjerning blev og som morgenrøden og morgensol over landet.

Han kom til klosterjordi paa Utstein der de levet et stille og rolig liv, men han hadde utfærdstrang, han kom til Stavanger. Han saa alle de farer som byen bød og han var snart klar over de vanskeligheter som landsungdommen møtte i byerne. Han dro ut i verden som så mang en nordmand, og han kom igjen og hadde set meget av det som verden har at by paa. Vi har hat mange mænd som har gaat i spidsen for store saker. Vi hadde Haakon den gode som forsøkte at kristne det norske folk men som var for veik, vi hadde Olav den hellige som førte frem den samme sak og som var sterk nok til at føre den frem. Og Kloster tok ogsaa op en stor sak og han hadde samme vilje og kraft som Olav den hellige: Han greidde at føre saken frem mot motstand og spot. De lo av ham fra først av, de vilde prøve at skræmme ham, men Asbjørn Kloster gik frem uten at ta hensyn til skræmsler og trusler. Han hadde viet sit liv til en stor sak og han førte saken herlig fremover like til han styrtet.

De største triumfer i Klosters gjerning det var de store seirer han hadde ved at se at den ene efter den anden reiste sig fra grumset og blev mennesker igjen og

dette gav han mot og kraft til fortsatt virke. Og avholdssaken har gaat frem.

Det var under Klosters merke de gik frem i 1894, i samlagsavstemningerne, i alle andre stridene, i 1919. Nu! Altid!

Og det vil naa frem, dersom der er noget av Klosters konsekvens og kraft idet.

En gang vil barna leke rundt denne steinen i et lykkelig Norge, og høre saga fra gamle tider og drik og synd som skjemet folk og land.

La saa duken falde og steinen staa her til gamle tider og minde os om at eier vi reisingvilje saa er der reisingvon. La derfor steinen over Kloster mane os til ædel daad for folk og land.

Efter talen sang man en sang forfattet av lærer Aarøy, hvorefter man gik ut paa haugen hvor steinen staar, og tok duken av. Markhus gik frem og la ned en krans fra Norges storlosje. Skolestyrer Brække nedla en krans fra Stavanger totalavholdsforening, den første Kloster stiftet. Lærer Skoge som var repræsentanten for D.N.T.s hovedstyre frembar en hjertelig tak til de som hadde reist steinen over avholdfolkets store fører.

Om kvelden var der fest i ungdomshuset med taler av flere.

Lærer Sande som var formand i komiteen takket alle som hadde været med og reist den. Skolebestyrer Brække takket komiteen som bestod av lærer Sande, Olav Risøen, Schanche Olsen og lærer Trahaug. Samtlige komitemedlemmer var tilstede under høitideligheten.

Skipsreder Risøen frembar en hilsen fra losje Karmsund i Haugesund.

Fylkesskolelærer Rosseland frembar en hilsen fra Karmsund distriktslosje. Ordfører Julius Haaland, Bokn; takket for at bygden hadde faaet dette mindesmerke over denne store mand som var født her, og han trodde at baade avholdsfolket og de andre vilde verge og verne om den. Festtalen blev holdt av fylkesskolelærer Rosseland. Alle som kjender Rosseland vet han taler godt, og denne tale var framifraa god.

Selv om uveiret raset hele dagen blev likevel festligheterne fra først til sidst storslagne, og alle var enige om at det var en stor og "stormende" høitidelighet.

Thorvald Larsen

Haugesunds Avis, mandag 17.dec.1923

MINNEORD

Kurt Hognaland er død, 46 år gamal.

Kurt var fødd og voks opp på Sæbø hjå foreldra Asta og Østen Hognaland. Han var nest eldst av ein barneflokk på fem. Etter skulegangen på Bokn gjekk han realskulen på Bryne. Ei stund var Kurt ombord på ei stand-by båt i Nordsjøen, men gjekk i land og starta i bygningsbransjen. Han var til dømes med på bygginga av gymnaset i Kopervik og den nye skulen på Bokn. I fleire år arbeidde han på oppdrettsanlegg før bondeyrket blei heildagsarbeid for han. Kurt overtok garden på Hognaland, og dreiv her med sauer. Ein ny sauefjos sette han opp. Han overtok også drifta av garden på Sæbø, og dreiv her med kyr samstundes med drifta på Hognaland. Det fanst vel ikkje ein bonde som stelte bedre med dyra enn Kurt, og ein trofast arbeidskar var han alltid. Kurt var ein stillfarande og roleg mann, og utruleg snill. Han tok vél hand om familien sin og venene sine. Det var aldri nei i hans munn, og han hjalp til så snart han vart spurt og helst før. Det vil nok meir enn ein merke nå når han er borte, men vennskapet hans sit igjen i oss for alltid.

Kurt var ikkje gift. Foreldre, fire sysken, tre svigerinner, ein svoger, tre nieser og to nevøar lever etter han,
og mange gode vener.

Ein av dei, Bjørn Eirik.

MINNEORD

Johan Ørke er død, 81 år gamal.

Han var fødd og voks opp i Skjold, og foreldra var Ellen og Jakob Ørke. Johan var eldst av tre sysken. Han måtte tidleg ut i arbeid, og det blei fiske som blei det første arbeidsfeltet hans.

I 1948 gifta han seg til Bokn, med Anny Søndena. Etter å ha jobba nokre år på hermetikkfabrikken her fekk han seg industriarbeid i Sandnes. Johan pendla då fram og tilbake kvar veke i mange år, heilt til han blei pensjonist.

Det var hagen som blei ein del av hobbyen hans, der dyrka han også poteter og grønnsaker til eige bruk. Johan likte å slå av ein prat med folk. Lesing var også ei stor interesse, og han trivdest godt heime med familien.

Johan etterlet seg ektefelle, to barn, to svigerbarn og eitt barnebarn.

MINNEORD

Paul Sunde er død, 85 år gamal.

Han var fødd og voks opp i Stavanger. Foreldra var Anna og Peder Sunde, og Paul var eldst av tre sysken.

I 1943 blei han gift med Helga Ognøy. Paul var bonde, og i 1943 overtok han garden på Boknaberg etter onkelen sin. Han var glad i dyr og dreiv også ein del med utstillingskaniner og hestar. Andre interesser var jakt og lesing.

Paul var heimkjær, alt for heim og familie. Han etterlet seg hustru, tre barn, sju barnebarn og seks oldebarn.

SERIE NYTT I BOKN!


Bokn bygdblade presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Fleire boknarar har høyrte at det er kome ein ny person i teknisk seksjon i kommunen. Ein del veit også at han heiter Lundberg - med Hans Erik til fornamn, og at han snakkar Stavanger-dialekt.

Her kjem ein nærare presentasjon av den nye medarbeidaren vår i kommunen.

Du finn Hans Erik Lundberg i første etasje på Boknatun, alltid blid og imøtekomande.



Hans Erik er 33 år og har utdanning frå Ingeniørhøgskulen i Stavanger. Som for mange andre så er det kjærleiken som avgjer kor folk blir buande, og han fann seg ei Karmøy-jente og slo seg ned på øya i vest. Det høyrer også med til historia at begge foreldrene hans også er frå Karmøy.

I 1989 – 1991 budde dei på Utsira, der han var teknisk leiar og kona sjukepleiar. Karmøy kommune fekk Hans Erik inn i staben i 1991. Då Bokn kommune i 1997 vende seg til Karmøy kommune for å låna ein ingeniør eit halvt år, slo Hans Erik til. Han kunne igjen tenka seg dei utfordringane og allsidigheten ein liten kommune gir, og 1. desember 1997 var han på plass på Boknatun.

Han fann fort ut at han likte seg, likte dei han jobba saman med og det han jobba med. Me andre i kommunen blei kjend med ein koseleg, avbalansert,

humoristisk og ikkje minst dyktig person, som ofte kan vera spontan med å t.d. deklamera eit sjølvskrive dikt når me sit i eit møte. Hans Erik er nemleg flink med ord og dikt, som han ofte lagar musikk til. Han trakterer både messing-, tangent- og dei fleste instrumenta i eit pop-band, inkludert stemmen. Hans Erik er medlem av ein duo som spelar opp til dans ein god del helger i året.

Den 17. august i år blei han ansett som overingeniør i Bokn kommune. Han nemner spesielt tre viktige prosjekt framover; utbetring av vannverket, kloakksanering og Øyren-feltet.

Arbeidstida er lagt opp etter hurtigbåten tur/retur Kopervik, og boknarar treffer Hans Erik i kommunen måndag til torsdag kl. 8.00 – 17.00. Etter kl. 15.00 må berre direktenummeret brukast, 52 75 25 06.

PÅ KRYSS OG TVÆRS

Vinnarar av juli-oppgåvene blei:

Oppg. 1 (a og b)	:	Magne J. Ognøy
Oppg. 2 (a og b)	:	Therese Våge
Oppg. 3 (a og b)	:	Jan T./Lars M. Kro
Oppg. 4 (a og b)	:	Magne J. Ognøy
Oppg. 5 (a, b og c)	:	Magne J. Ognøy

GRATULERER!

(Ingunn Ragnvaldjord og Jardar Havikbotn har stått for trekninga).

Vinnarane vil få kvar sin Ekstra-kupong tilsendt.

Denne type barnesider skiftar namn til "På kryss og tvers".

Alle, uansett alder, kan delta og senda inn. Her finn du lette og meir vanskelege oppgåver. For tida er vinnarsjansane store då det er få som sender inn.

(Det er folk som har vunne pengar på Ekstra-kupongane frå Bygdabladet, så kom igjen!)

LØYSINGAR, JULI:

Oppg. 1 a

skrive	dyr	etse	kjøre-tøyet	T	finnes
N	O	T	E	R	E
drikk	T	E	fl.mål ikke ute	A	R
gutte- navn	E	R	I	K	bak
provi- sjon	R	E	N	T	E
fjern- syn	sti	fiske- redskap	N	O	T
T	V	kule uttalte	E	R	T
øk	E	S	to like	E	E
lever-te	G	A	nils ruud	N	R

Oppg. 1b

1	2	3	4
J	U	N	I
2	U	L	I
3	N	I	K
4	I	K	K
			E

Oppg. 2a

I	N	N	B	Y	R
I	S	K	A	K	E
B	A	K	K	E	R
L	A	K	R	I	S
S	Y	K	K	E	L
E	N	E	R	O	M

Oppg. 2b

E	V	A
S	A	L
E	S	E
L	E	R

Oppg. 3a

C finner ostene

Oppg. 3b

Det blei ein ponni

Oppg. 4b

B	L	Å	M	E	I	S
L		T	A	M		E
Å	S		R		U	T
A	P	E	K	A	T	T
L	A		M		E	I
G		C	U	P		N
E	I	D	S	K	O	G

Oppg. 4a

B	A	D	E	S	T	R	A	N	D
U	V	E	L		R	E	V	N	E
T	I	L	S	T	A	N	D		L
I	S		K	A	K	T	U	S	
K		A	V		T	E	K	K	E
K	A	K	E	R		R	E	I	R
D	U		R	O	S			L	
A		A	D	S	P	R	E	D	T
M	I	N	I		R	E		R	Y
E	S		G	R	E	N	S	E	R

Oppg. 5a

Løysingsordet var sommerfugl

Oppg. 5b

Rebus: Bokn skole

Oppg. 5c

Rebus: Ha en fin sommerferie

Oppg. 2a PUSLEKRYSS

L	L					

LL, RU, SE, SG, SI, YR, ØR, ØV

LIV, SKY, STØ, UNG

ANORAKK, ELEKTRA, ERITREA, GARASJE,

GULLØYE, LIVRETT

Oppg. 2b

Finn 15 dyrenavn – vannrett/loddrett

A	P	E	K	A	T	T	V
N	E	S	H	O	R	N	I
T	L	E	M	E	N	D	L
I	S	L	A	N	G	E	L
L	S	E	B	R	A	L	H
O	E	K	Ø	E	U	F	E
P	L	U	L	V	P	I	S
E	K	O	R	N	E	N	T

Frist: 21. september

Oppg. 1a

1	2	3	4
2			
3			
4			

Vannrett/Loddrett

1. Husdyr
2. Få
3. Uvisshet
4. Sommerbolig

Oppg. 1b

1	2	3
4		
5		
6		

Vannrett

Loddrett


- | | |
|--------------|---------------|
| 1. Eier | 1. Legger egg |
| 4. Myntenhet | 2. Guttenavn |
| 5. Basta | 3. Drive |
| 6. Alene | |

DOMPAPEN


Jeg er Dompap og jeg er
altfor glad i rognebær.
Rognebær i rogneutrær
trygler tynt på sine knær,
henger ned i hver sin snor
og skriker skremt i kor.

Kjell Røseth

Opppg. 3a Hva blir dette?



Opppg. 3b Hvilken bokstav finner ranselen?



Opppg. 4a KODEKRYSS

1	2	3	4	5	6	1	7	2	8	9	10	11
3	14	4		2	3	14		14	19	4	6	2
4	15		13	20			10	6	3	6		3
12	9	11	9	8	13	17	6	2	18		16	14
6	16	6	19			9	2		6	8	6	
8	11	2	3		6		12	20	8	11	6	11
11	15	2	9	4	4		3	16	16	6		19
2		3	2		12	9	5		21	4	12	6
6	8	6		22	6	2		20	11	5	3	2
13	9	2	12	9	4	5			11	6	4	11

Dette er et kodekryss.

I kodekryss har hver bokstav sitt eget tall.

Oppgitt er A=9 og V=19

Oppg. 5a

Finn forbindelsesordet

Eks. SOVE _____ SKIP

(SOVEROM – ROMSKIP)

HÅND	_____	STEIN
AL	_____	SKYTTER
BARNE	_____	RYGG
SKINN	_____	BORD
BLÅ	_____	BAR
GUL	_____	TER
BADE	_____	LE
BUK	_____	STOL
DAG	_____	INER
TANN	_____	PUDDING

Oppg. 5b

Begynn og slutt med samme bokstav

Eks. __ USEU __

(MUSEUM)

__ NGOR __

__ VIS __

__ IRKU __

__ IDDE __

__ OVOY __

__ ROS __

__ AFTI __

__ OMA __

__ AU __

__ LIP __

Doggmorgon

Gleda vekte meg ein morgon
så eg måtte ut å gå.
Og det skein og lyste mot meg
glitredogg på blom og strå.

Blank forundra laut eg stane,
for eg tykkte eg fekk sjå
i det grønne glitreglas
deg eg gjekk og tenkte på.

Himlen var så blå av lukke,
stråla liksom smilen din.
Blomen var som augo dine,
slik dei skein i hugen min.

Jan-Magnus Bruheim

Haust

Krystallklare dagar.
Ja, no er det haust.
Sola står lågt
på him'len i aust.


Blada dei gulnar
kor helst eg ser.
No kan eg plukka
frukter og bær.

Røyksopp og risiker
og små kantareller.
Rognebær, nøtter
og ville morellar.

Sola ho gløder
på him'len i aust.
Krystallklare dagar.
No er det haust.

Anne-Lise Gjerdrum

ST. PETERSFISK I SANDVIKA



Sundag 9. august om føremiddagen fekk Svein Kåre Goa ein merkeleg fisk i garnet i Sandvika. Det var liv i fisken, som var rund og flattrykt frå sidene og som hadde ein tydeleg svart flekk på kvar side.

Svein Kåre ringte Akvariet i Bergen for å høyra kva slags fisk han hadde fanga. Det viste seg at det var ein sydhavsfisk, St. Petersfisk, og han hadde ingenting her oppe å gjera. Sannsynlegvis har han drive med golfstraumen.

Svein Kåre, som er svoger til Kjell Terje Bryningsland, seier til Bygdabladet at Akvariet i Bergen var heilt ville for å få opp fisken til Bergen, som ikkje var i samlinga deira frå før. Dei lurte m.a. på om dei kunne frakta fisken til Bergen i bil, og Akvariet skulle sjølvsgt betala reisa. Det endte med at fisken blei sendt i melkespann med hurtigbåten til Bergen om kvelden, og overlevde turen.

Dagen etter kunne Akvariet opplysa om at fisken var i karantene, og dei jobba med å auka temperaturen gradvis. Viss dei fekk han til å trivast på Akvariet i Bergen ville han få sitt eget akvarium i Labyrinten. St. Petersfisken blir ca. 70 cm lang, og er mest vanleg på grunt vatn (10-50 m.), men er tatt på djup heilt ned til ca. 200 m.

Den sjeldne gjesten kan prisa seg lykkeleg over at Svein Kåre fanga han i garnet i Bokn og sendte han til Akvariet i Bergen. Fisken hadde nemleg døydd til vinteren når sjøen blir kald. I staden får han eige akvarium med mykje mat og omsorg, og blir ein av mange attraksjonar i Noregs nest største by – dersom han greier overgangen.


På kaien i Føresvik: flekken på sida er heilt tydeleg.

Foto: Kjell T. Bryningsland



SILDESALAT

*Det er synd på sildebarn som stimer i sildegarn.
Femten ferske hektoliter legges ned som gaffelbiter,
fjorten røkes, og en del males opp til sildemel.
Tretten sild er gretten sild, tolv sild blir sild i dill,
elleve svømmer i tomat, ti i olje, ni på fat.
Åtte brisling, sju ansjos, slipper ut og drar sin køs,
men blir fakkert og alt er kokt og stekt og tilsatt salt.
Seks grå sild blir første natten stjålet, flådd og slukt av katten
Fem små sild blir sildekaker, - å, som sildekaker smaker!
Fire sild blir lagt i tønne, hvorav tre blir sakte grønne.
To er redde for å miste vennen sin og bli den siste.
For –
ensom sild blir sur-sild, ingen sild er lur-sild!*



Kjell Røseth



BOKN KOMMUNE

VEDTATT REGULERINGSPLAN FOR GASSRØR MELLOM BOKNASUNDET OG VÅGHOLMSUNDET

Med heimel i Plan og bygningslova § 27-2 har kommunestyret i møte den 16.07.98 godkjent reguleringsplan for gassrør mellom Boknasundet og Vågholmsundet. Planen omfatter område for gassrørledning og fareområder.

Krav om erstatning etter Plan og bygningslovens § 32 eller krav om innløsning etter PBL § 42 må setjast fram seinast 3 år etter kunngjeringsdato.

Forvaltningsstyret

Bokn, den 29.07.98
Hans Faye

PRESSEMELDING FRÅ HAUGALAND KRAFT AS

Haugesund Energi AS og Karmsund Kraftlag AS fusjonerte måndag 10. august 1998. Haugaland Kraft AS er dermed etablert.

I ekstraordinære generalforsamlingar i Haugesund Energi AS og Karmsund Kraftlag AS blei det 10. august 1998 vedteke å fusjonere selskapa. Haugaland Kraft AS er dermed etablert og er operativt frå same dato. Samstundes overtek Haugaland Kraft AS dei to fusjonerte selskapa sine forpliktingar. Haugaland Kraft AS er eigd av sju kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordland.

Intensjonen med fusjonen er å skape konkurransedyktig enhet som kan tilfredsstille myndighetene sitt krav til effektivitet, og som også er til fordel for eigarar, kundar og tilsette. Den geografiske beliggenheten og utstrekning av overføringsnett vil gi åpenbare fordeler. Endra rammebetingelsar og stukturendring i bransjen krev større fokus på økonomi. Eit samanslått selskap vil også ha større mulighet til å utvikle høg fagleg kompetanse.

Haugaland Kraft AS er blant landets 10 – 15 største netteigarar med om lag 45.000 nettkunder i dei sju kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Overført energimengde vil vere om lag 1,25 TWh/år. Antall ansatte er 217. Det nye selskapet vil få ei omsetning på ca 500 mill. kr.

Styreformann i Haugaland Kraft AS er Kristian B. Hausken (tidl. styreformann i Haugesund Energi AS). Nestformann er John S. Tveit (tidl. styreformann i Karmsund Kraftlag AS). Administrerende direktør er Bjørn M. Apeland (tidl. Adm. Dir. i Karmsund Kraftlag AS). Svein Bua (tidl. Adm. Dir. i Haugesund Energi AS) blir ass. direktør i det fusjonerte selskapet

*Tusen trostar
trippa
vippa
og nippa
rips.*

*Husj, sa Ips
og vips
var hagen snau
for trost
og rips*

Ola Jonsmoen

*I maurtuer med tak over
går alle skogmaur bakover.
Synes det er ingen sak,
for de er så tunge bak,
Synes andre maur må gjøre
feil som går med hodet føre!*

Kjell Røseth

Skadeforsikring

Et helt nytt forsikringsselskap ser nå dagens lys,
og både faste og nye kunder er hjertelig velkommen inn.

Grunnen til at vi har valgt å utvide vårt tilbud
til også å omfatte skadeforsikring, er helt enkelt
at vi føler det er naturlig å forsikre de verdier
vi ellers bidrar til å finansiere. Det kan vi nå gjøre
på en enklere, bedre og mer praktisk måte.

For en ting er sikkert, vi har felles interesse i å ta
vel vare på alt som er av stor økonomisk verdi.

Det tjener både du og vi på.

TA KONTAKT
FOR TILBUD!
I DIN
LOKALBANK!

Tlf. 52 74 82 21

SpareBank 1 Forsikring

BOKN RØDE KORS HJELPEKORPSET

Vi vil no prøve å puste nytt liv i Røde Kors
Hjelpekorps.

Er du interessert så møt opp på Allrommet mandag
12. oktober kl. 20.00. Ungdomsskuleelevar er også
velkomne.

Dersom interesserte ikkje kan møte den 12.
oktober, ta kontakt med Ingrid Jøsang.

Velkommen!

HAUSTPLØYING

*Haustpløying er fint arbeid.
Kroket sit ein og ristar gjer det,
Men som ein far får ein vara, der ein varleg
Breier den brune dyna over
Gras og halmstubb. Sov godt.*

Åsmund Bjørnstad

*Kråka flyg så mjukt ho berre kan.
Det er ikkje lang til neste tre.
Svalene er reist til andre land.
Kråka glir og svingar opp og ned.*

*Butte venger vippar utan stans.
Filleborder dinglar svart og fritt.
Kråka duvar i sin eigen dans.
Augo sveipar rolege og vidt.*

*Skyene slår ut med lyset sitt.
Vinden tar eit ekstra vengetak,
Himmelen går opp i gråttog kvitt.
Under sveva jorda full og strak,*

*Kråka flaksar rundt med alt ho har.
Ho baksar voggande og drar og drar.*

Per Olav Kaldestad

VIKAR I BARNEHAGEN

HJELP!

Me treng fleire vikarar som kan steppe inn på kort varsel ved sjukdom i barnehagen. dersom dette er av interesse, ta kontakt med barnehagen på telefon 52 75 25 70!

BOKN MUSIKKORPS

AUKSJON/LOPPEMARKED

Musikkorpset ynskjer også i år å lage til auksjon/loppemarked den 24. oktober.

Til dette treng me hjelp frå bygdefolket. Det finst sikkert ein del ting i skuffer og skap, loft og kjellar som ein ikkje har bruk for, men som andre kan ha nytte av. Alle ting kan me gjera bruk av, nytt som gammalt – også bokverk, m.m.

Håpar på god respons slik at me kan ha ein haustauksjon i god gamal stil.

Dersom ein treng hjelp til køyring eller lagerplass, ring Ingebjørg Larsen på tlf. 52 74 84 82.

Ein kan også levere ting fredagen før auksjonen. Informasjon om dette kjem seinare.

- styret i Bokn musikkorps -

Spørsmål og svar

Det er mykje stygt som finst.

Men kva er styggast?

Det er mykje fint som finst.

Men kva er finast?

Det er mykje godt som finst.

Men kva er best?

Læraren kan ikkje svare deg.

Sportsfolka kan ikkje svare deg.

Rekordboka kan ikkje svare deg.

Du må spørje deg sjølv.

For når det gjeld svar,

får du dei styggaste,

finaste, beste

akkurat der.

Einar Økland

LEDIG STILLING I BARNEHAGEN

I barnehagen har me og eit ledig vikariat som reinholdar for eit år, fom. 1.10. grunna permisjon. Stillingsstorleik er 30% som tilsvarar 2 timar og 15 minutt pr. dag. Vasking av barnehagen foretas etter opningstid, som er 16.15.

Skriftleg søknad skal sendast:

Bokn barnehage, v/ Jarle Haakonseth innan 23.09.98

STØTTEKONTAKT

Kan du tenkja deg å vera støttekontakt for funksjonshemma barn eller vaksne?

Ein støttekontakt er ein person som skal hjelpe den funksjonshemma til å fungera betre i samfunnet, eller hjelpe til med å knyta sosiale kontaktar, slik at vedkomande sin livskvalitet blir betre.

Difor kan ofte støttekontaktarbeidet dreia seg om fritidsaktivitetar eller andre ting som gir den funksjonshemma kontakt og deltaking saman med andre.

Sosialkontoret ynskjer kontakt med personar som kan tenkja seg slikt arbeid. Løn etter tariff.

Ta kontakt med Bokn sosialkontor personleg, eller

ring tlf. 52 75 25 04 for nærare opplysningar.

En hustavle

*Der er en lykke i livet
som ikke kan vendes til lede:
Det at du gleder en annen,
det er den eneste glede.*

*Det er en sorg i verden
som ingen tårer kan lette:
Den at det var for sent
da du skjønte dette.*

*Ingen kan resten av tiden
stå ved en grav og klage.
Døgnet har mange timer,
Året har mange dage.*

Arnulf Overland

STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS - for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skoling av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør
- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Tilskot kan ystast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det.

Til no i år har speidarane, hagelaget og besøkstjenesten i Røde Kors fått støtte.

*Hjertelig takk for all deltagelse ved min
mann, og far, Paul Sunde's bortgang.*

*En spesiell takk til betjeningen
ved Bokn sjukestove.*

Helga m/familie

*Hjertelig takk for omtanke og
blomsterhilsener ved Johan Ørke's
sykdom og bortgang.*

*En spesiell takk til personalet ved sjukestova
for god omsorg og pleie.*

Anny m/familie

BOKN BYGDABLAD

• UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

• BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

• REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

• ABONNEMENT

Innanbygds kr. 100,- pr. år

Utanbygds kr. 150,- pr. år

• ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Små privata. kr. 30,-

Fastannonse etter avtale

• FRIST FOR STOFF

Den 18. i kvar mnd.

• FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm

frå Vikingtid (900 - 950 e.Kr.)

*Hjertelig takk for all deltagelse, kranser,
blomster og omsorg i anledning vår kjære
Kurt Hognaland sin bortgang.*

Takk også for gaven til Krefstaken

Asta og Østen m/familie

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy

51 72 32 87

94 67 08 73

B-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN



KULTURKALENDEREN

SEPTEMBER

- 08.: Leirbålskveld med skattejakt for alle i bygda
- 13.: Misjonsfest N.M.S., Bokn bedehus kl. 19.00
- 20.: Blåkors, Bokn bedehus kl. 19.30
- 22.: Hagelaget er invitert til Karmøy hagelag, på Urtemøte v / Elisabeth Sparstad
- 23.: Bingo, Bokn idrettslag
- 23.: Indremisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30
- 26.-27.: BORK: Sprangkurs for vidarekomne
- 27.: Sundagsskule, Kyrkjebygd skule kl. 14.00
- 27.: Santalmisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30

OKTOBER

- 2-3.: Ulve/meisetur til Sandbekken
- 07.: Basar Indre sjømannsmisjonen
Bokn bedehus kl. 19.30
- 7-9.: Haustferie, Bokn skule
- 10.: Haustfest/Irsk kveld på Sjøhuset til Steinar Alvestad, Bokn idrettslag
- 11.: Sundagsskule, Kyrkjebygd skule kl. 14.00
- 11.: Israelsmisjonen, Bokn bedehus kl. 19.30

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn måndag, onsdag og fredag kl. 08.00 – 15.00, tlf. 52 74 85 13

Tysdag og torsdag kontordag ved Tysvær liknings- og folkeregister i Aksdal kl. 08.00 – 15.00, tlf. 52 77 54 10

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

SEPTEMBER

- 20.: Gudsteneste kl. 11.00

OKTOBER

- 04.: Gudsteneste kl. 11.00

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTTERAPI

Kvar fredag. For påmelding
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

P.G.A. PERMISJON STENGT FRÅ 1. OKTOBER

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.
Eva Brunborg Svendsen
helsesøster

BARNEVERNLEIAREN

Kontordag tysdagar, elles etter avtale.
Direktenr. 52 75 25 53 - Mob. 946 78 919

Eva Moi
barnevernleiar

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00
Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.30